

Servicetorgsjefen

Ungdommens Kommunestyre

Dykkar ref.

Vår ref.

2008/2236 - 21468/2008

Saksh. – tlf./epost:

Lasse Bolstad – 55097155

Lasse.Bolstad@fjell.kommune.no

Dato

27.10.2008

Møtereferat

Møte i: Ungdommens Kommunestyre	Dato: 23.10.2008	Tid: 16:00
Til stades: Charlotte Elisabeth Brunstøl, Eva Vik, Silje Helen Sundal Lockert, Johannes Lie, Mari Ågotnes, Sunniva Lie Nese, Alexander Tangerud, Mariell Ophaug, Kathrine Eines, Karani Shekh Agai (avtroppande leiar)	Forfall:	
Referent: Lasse Bolstad	Møtet slutt: 17:15	

Saksnr	Sakstittel	Ansvar	Evt frist
1	Informasjon om UKS <ul style="list-style-type: none">- Avtroppande leiar Karani Shekh Agai informerte om arbeidet til UKS/Ungdomsrådet den siste perioden; kva som har vore viktige saker og kva som kan jobbast betre med i inneverande periode.- Lasse Bolstad gav ei kort orientering omkring posisjonen til UKS i Fjell kommune, med fokus på kvifor det politiske miljøet treng UKS sine idéar og tankar for å forstå kva unge er opptatt av i dag. Å vere ung på 1960-talet er <i>ikkje</i> det same som å vere ung i dag, og utfordringa ligg i å få politikarane til å forstå dette. Eit av dei viktige verkemidla er at UKS har talerett for to representantar i dei politiske styringsorgana i Fjell kommune, og det er viktig å bruke denne retten aktivt. Vidare er det viktig å gjere UKS kjent blant både ungdom og vaksne, og vise at UKS faktisk er ein maktfaktor å rekne med i Fjell kommune.		

2	<p>Val av ny leiar og nestleiar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det var tre kandidatar som meldte seg, Alexander, Eva og Johannes. - Eva vart valt som ny leiar for Fjell UKS 08/09 og tok over møteleiinga frå Karani, med Alexander som ny nestleiar. 		
3	<p>Kursing av UKS-representantane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fjell kommune tilbyr ikkje eigne kurs til UKS-medlemmene, men av dei midlane som er sett av til drift av UKS (for 2008 var det kr 14 000) så er det rom for deltaking på ulike former for kurs og opplæring gjennom heile perioden. - Askøy UKS har gjeve melding om at dei skal på kurs i møteteknikk og –etikkk i oktober/november, og at Fjell UKS er velkomne til å ta kontakt dersom vi ønskjer å delta på eit slikt kurs. Lasse vil ta kontakt med Askøy og få nærare detaljar, då tilbakemeldingane var positive til å delta på eit slikt kurs. <i>Tilbakemeldinga frå Askøy UKS er at kurset skal vere 14-15. nov (fredag-laurdag, med overnatting på Huset), og dei har plass til omkring 5 ekstra deltakarar. Dei ønskjer oss hjarteleg velkomne, og vil veldig gjerne at vi deltek dersom vi kan. Vi må gi melding <u>snarast</u> om kven som vil bli med (eigen informasjon sendt ut per epost).</i> - Eva nemnte at det i regi av Ungdommens Fylkesting på nyåret skulle haldast kurs i lobbyverksemd. Som medlem av Ungdommens fylkesutval kan ho også ta på seg å følgje opp dette kurs for dei andre UKS-medlemmene i etterkant. 	<p>Lasse</p> <p>ALLE</p> <p>Eva</p>	<p>Snarast</p> <p><u>SNARAST!</u></p>
4	<p>Samarbeidsmøte med Askøy UKS og Bergen Ungdommens Byråd om kollektivproblematikk</p> <ul style="list-style-type: none"> - Invitasjon frå Askøy UKS frå tidleg i sommar vart delt ut, dei ønskjer samarbeid med Fjell og Bergen for å finne løysingar på utfordringar i kollektivtilbodet for distrikta. Det er også eit erfart problem i kollektivtilbodet i Fjell, og ein var positive til dette interkommunale initiativet frå Askøy UKS då ein ved å gå saman om slike saker kan oppnå meir enn om ein tek det opp kvar for seg. - Det vert følgt opp med svar til Askøy om å avtale eit slikt møte. 	<p>Lasse/Eva</p>	<p>Snarast</p>
5	<p>Organisering av sommaraktivitetar 2009</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det kom innspel frå SLT-koordinator Tone Hauge omkring planlegging av sommaraktivitetar for 2009. Ho føreslår å komme tidleg i gang mellom anna for å kunne jobbe aktivt med å skape goodwill blant lag/organisasjonar/kommunen når det gjeld utlån av materiell og utstyr, lokale og instruktørar/støttepersonell. - UKS meiner dette er eit arbeid som først og fremst bør initierast i dei ulike ungdomsklubbane, då desse skal fungere som aktivitetsklubbar for ungdommen i Fjell. - Representantane frå klubbane blir bedd om å ta saka vidare til dei einskilde klubbstyra, og gi tilbakemelding på kva idéar og tankar klubbane har omkring sommaren 	<p>Alexander, Mariell,</p>	<p>Neste møte</p>

	<p>2009. Saka vil så bli drøfta vidare i UKS i førstkommande møte.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Når det gjeld finansiering av aktivitetane er det høve til å søkje m.a. Frifond eller tilskot frå Fjell kommune. 	Kathrine	(18.nov)
6	<p>Møteplan</p> <ul style="list-style-type: none"> - UKS vart samde om å halde to møter til før jul, trass i at ein har komme seint i gang. Det kan vere ein fordel å få tettare møteverksemd for å få ein god og effektiv start. Samstundes så er det viktige saker som det hastar å få avklart, mellom anna i samband med kommunebudsjettet for 2009, der ein ønskjer at Fjell kommune følgjer opp vedtektene og løyver eigne midlar til UKS. - Neste møte vert satt til 18. november (endra frå 20. i etterkant av møtet). Innkalling vert sendt ut som vanleg. 		
7	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eva tok fram ei sak der Unikum, eit privat initiativ for ein ny ungdomsklubb i Fjell, vil møte UKS for å presentere seg sjølv. UKS ønskjer at Unikum vert inviterte til å halde ei orientering i neste møte. - Lasse spurde om status på arbeidet med nettsidene. Eva var med i dette prosjektet i fjor, og orienterte kort om arbeidet. Det var ønske om å få ferdigstilt nettsidene, og Kathrine og Mariell fekk ansvar for dette, med støtte frå Fredrik von der Ohe i Informasjonsavdelinga i administrasjonen. Dei har fått tilsendt passord/brukarnamn frå Fredrik. - Til slutt ville Lasse oppmode UKS til å skape litt blest omkring seg sjølv, då ungdommen i Fjell i liten grad kjenner til arbeidet i UKS eller kven som er medlemmer. Ein vart samd om at alle medlemmene tek eit ansvar for å gjere sin skule/klubb meir kjent med kva UKS er og gjer. 	<p>Lasse</p> <p>Kathrine, Mariell</p> <p>Alle!</p>	

Med helsing

Lasse Bolstad
sakshandsamar